

BOKN BYGDABLAD

Nr 3 - April 2002 - Årg. 17



Klubbhus - s. 6



Grunnskuleopplæring - s. 7





Presten & Prøysen - s. 9



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn





RDFØRAREN RDET

Hei!

Nestekjærleik

I den svært urolege verda me lever i så var det godt å lese innlegget frå småbarnsmora i forrige bygdablad om den støtte og hjelp ho hadde fått i ein vanskelig situasjon. Takk til dei som stilte opp, og la oss alle prøve å gjere det like godt.

Årsmøtet på skulen

Skulen prøvde for første gong å arrangere årsmøte for skulen. Foreldre, lærarar, politikarar og representantar for elevane fekk mykje informasjon om arbeidsmåtar, resultat, organisering og utvikling framover i skulen. Etterpå blei det diskusjon og spørsmål. Det er grunnleggjande for resten av livet at barna/ungdommane lærer det dei skal på skulen, og då må skulen, foreldra og politikarane samarbeide på ein god måte for å lykkast.

Eg synest dette var ein svært god måte å styrke informasjonen og samarbeidet om skulen på, og håpar dette vil bli tatt opp igjen neste år.

Når det gjeld skuleutbygginga så går den stort sett etter planen, med ombygging av eksisterande bygg i skuleferien og ferdigstilling av nybygg utover hausten.

Prosjekt i seksjon teknisk

Vannledningen er lagt til Våga og mange har allerede knytta seg på og fått kommunalt vatn.

Kloakkledningen er og ferdig lagt i Alvestadkroken, kor og mange har knytta seg til. Den endelige avslutninga og oppryddinga vil bli gjort.

Prosjekta har gått etter planen og eg vil retta ein takk til Egil, Arild og Hans Erik i teknisk, entrepenør og grunneigarar for samarbeidet og godt resultat. Uten dette samarbeidet hadde prosjekta blitt mykje dyrare og kanskje ikkje gjennomførte.

Varierte og svært gode tilbod

Eg har i år også deltatt på fleire årsmøter til frivillige lag og organisasjonar for å få eit innblikk i kva dei driv med og utfordringar dei har. Besøka har styrka oppfatninga at Bokn har eit variert og svært godt tilbod. Tusen takk til alle dykk som stiller opp, og eg vil gjere det eg kan for at kommunen støttar opp om arbeidet dykkar på beste måten.

Svein Ove

Pr. 22. april
Foto: JH



AVGIFTER TEKNISK SEKTOR	GEB. 2001	Auke i %	GEB. 2002
RENOVASJONSAVGIFT			
Årsavgift:			
Bustadeigedom	1060,-	15 %	1.220,-
Hytteieigedom	610,-	0 %	610,-
VANNAVGIFT			
Tilknytningsavgift:			
Minsteavgift inntil 150 m ²	20.000,-	0 %	20.000,-
Avgift for areal utover dette pr. m ²	75,-	0 %	75,-
Årsavgift:			
Hus: Minsteavgift for innt. 250 m ³ forbruk	2100,-	0 %	2.100,-
Hytter: Minsteavgift for innt. 125 m ³ forbr.	1050,-	0 %	1.050,-
Forbruk utover dette pr. m ³	6,40	0 %	6,40
KLOAKKAVGIFT/SLAM			
Tilknytningsavgift:			
Minsteavgift (hus inntil 150 m ²)	20.000,-	0 %	20.000,-
Avgift for areal utover dette pr. m ²	28,-	0 %	28,-
Årsavgift:			
Hus, avrenning for inntil 250 m ³	1459,5	0 %	1.459,-
Hytter, avrenning for inntil 125 m ³	714,-	0 %	714,-
Slam	483,-	3 %	497,-
Tomtepriser:			
Alvestad - pris pr. m ²	65,-	0 %	65,-
Føresvik - pris pr. m ²	44,-	0 %	44,-
Søknad om byggeløyve og kontr.	1.720,-	0 %	1.720,-
Søknad om fradeling av tomt	920,-	0 %	920,-
Beh. av priv. regul.pl./bebyggelsesplaner	2.860,-	0 %	2.860,-
Søknad om bruksendring	1.655,-	0 %	1.655,-
Utarbeiding av situasjonskart 0-2000m ²	1.375,-	0 %	1.375,-
2000-3000m ²	1.710,-	0 %	1.710,-
3000-5000m ²	2.295,-	0 %	2.295,-

AVGIFTER HELSE- OG SOSIAL	GEB. 2001	Auke i %	GEB. 2002
PRAKTISK HJELP I HEIMEN			
Inntil 2G	30,-	0 %	30,-
2G-3G	35,-	0 %	35,-
Over 3G	52,-	0 %	52,-
Maksimalt vederlag - utgiftstak			
Inntil 2G	600,-	0 %	600,-
2G-3G	6.000,-	0 %	6.000,-
Over 3G	9.000,-	0 %	9.000,-
Utgiftstaket skal følgja dei maksimalsatsane som blir vedtatt av Stortinget.			
LEVERING AV VARM MAT	35,-	0 %	35,-
OPPHALD VED SJUKESTOVA			
Døgnoophald	118,-	max sats	118,-
Dag/nattoophald	59,-	max sats	59,-
Satsane skal følgja dei maksimalsatsane som blir vedtatt av Stortinget.			
LEIGE PÅ TRYGGHETSALARMAR			
Eingongsgebyr	0	0	0
Leige pr. dag	0	0	0
Maks leige pr. år	0	0	0
HEIMESJUKEPLEIETENESTA	0	0	0

AVGIFTER BARNEHAGE	GEBYR 00	Auke i %	GEB. 02
HEILDAGSBARNEHAGE			
To dagar	1.100,-	0 %	1.100,-
Tre dagar	1.670,-	0 %	1.670,-
Fem dagar Syskenmoderasjon gis med 50 %	2.770,-	0 %	2.770,-
SKULEFRITDSORDNINGA			
Foreldrebetaling			
Opningstid inntil 14 t/veke	480,-	0 %	480,-
Opningstid 15 t. og fleire pr. veke	850,-	0 %	850,-


MUSIKKSKULEN	GEBYR 00	Auke i %	GEB. 02
Einetime (30 min./veke / 22.5 min./veke	800/600	0 %	800/600
Instrumentalgrupper (90 min./veke)	600	3 %	620
Kor, leikarring, drama m.v. (90 min./v)	465	3 %	480
Aspirantopplæring	465	3 %	480
Instrumentleige pr. semester	215	3 %	220
Syskenmoderasjon Gis med 30% på den rimeligaste aktiviteten			

Utnemnt til Årets Røde Kors Forening 2001

Jardar Havikbotn

Kjempefjør i hatten for Bokn Røde Kors! Under årsmøtet i Rogaland RK blei laget tildelt pokalen for Årets Røde Kors Forening 2001.

Kjell Frode Lie (27) og Kaj Arne Christiansen (25), som deler på leiarvervet i Bokn Røde Kors, boblar over av entusiasme blant div. redningsutstyr inne på eitt av romma i brakka ved sida av Kyrkjebygd kultur- og aktivitetshus. Frå naborommet kjem mange lydar frå glade og positive medlemmer. Kjell F. og Kaj A. understreker at alle dei 25 aktive i Bokn RK har æra av å få prisen, og snakkar varmt om det unike miljøet med den godt samansveisa gjengen.



Tv. Kjell Frode og Kaj Arne er to svært nøgde leiarar.

Det var Kjell Frode og sambuar Beate Danielsen som representerte Bokn RK på årsmøtet i Haugesund. - Eg måtte te Bokn om nattå for å visa'n. Folk ville'kje tru det, ler Kjell Frode. Sjølv hadde han blitt så paff at han berre greidde å få fram eit "takk" då han mottok vandrepokalen til ståande ovasjonar frå 150 frammøtte. Han tok ordet på årsmøtets 2. dag for å halda takketales. Då peikte han m.a. på kor viktig denne utnemninga er for motivasjonen og ståpå-vilja til kvar enkelt medlem i laget. Dette gir stor inspirasjon for vidare arbeid i Bokn. Han sa også at målet no er at 15% av befolkninga i Bokn skal bli medlemmer av Bokn Røde Kors. Det var nemleg ein viktig faktor for avgjerda til Distriktsstyret i Rogaland Røde Kors at 10% av befolkninga i Bokn er medlemmer i laget.

I utdelingsargumentasjonen frå Distriktsstyret heiter det vidare:

Frå å vera ein avdeling med aktivitet lik null til å vera ein særdeles oppegående avdeling med over 20 medlemmer på møtene.

Frå å vera aktive i lokalsamfunnet til å ha ressurser nok til å arrangera store og gode øvingar for andre korps.

Leiar av Rogaland RK, Erik Skådel, peikte på at det aldri hadde vore fleire innstillingar til denne utnemninga, men at avgjerda likevel ikkje var vanskeleg å ta.

Det vanka mykje skryt til laget frå Bokn, og det blei gitt uttrykk for glede over så stor vekst i Bokn, som ligg så sentralt til med tanke på ev. storaksjonar.

- Me e voldsomt takknemlige både overfor medlemmene i laget og Haugesund RK så e fadderane te Bokn RK, skyt Kaj Arne inn. Han er busett i Grinde og jobbar som ambulansesjåfør på Bømlo. Kjell Frode er også utflytta boknar. Bilmekanikaren bur på Hagland i Haugesund og jobbar i Sveio. Begge to trivst bak rattet og har ingen problem med å køyra så mykje til Bokn i samband med RK-aktiviteta.

Øvingar for andre korps

I Haugesund 11. april fekk Bokn RK brannvesenet og helseseksjonen i Bokn med seg på ei stor katastrofeøving på Haraldsvang Sjukeheim med nesten 30 pasientar (markørar). Bokn og Haugesund Brann-/Redningsvesen samt politi og AMK-sentralen i Haugesund stilte med ambulanse.

Operativ leiar i Hgsd. RK, Jarle Haakonseth, seier til Bygdabladet at det var ei nyttig øving for Hgsd. Hjelpekorps som fekk ei svært realistisk øving. Jarle, som er



Frå katastrofeøvinga på Haraldsvang Sjukeheim i Hgsd.

Foto: Grete Øvrebø

seksjonssjef i barnehagen vår, synest også det er ekstra stas at Bokn fekk denne pokalen. I tillegg til at Hgsd RK er faddarane til Bokn RK har han hatt mykje kontakt med Bokn opp gjennom åra.

Alltid parat i meningsfull fritid

Det er fleire enn speidarane som alltid er beredte, og Kaj Arne fortel meg at Røde Kors er i konstant aktivitet for å styrka beredskapen. Gjennom øvingar og kurs er målet stadig å bli betre.

Kjell Frode skyt inn at dei legg stor vekt på at alle betyr noko. Her er viktige stikkord medmenneske, nestekjærleik og psykisk førstehjelp.

Mykje tyder på at Kjell F. og Kaj A. lykkast med ideane sine og måten å styra laget på. Fleire har varsla at dei vil byrja, og særleg mange unge. URK (Ungdommens Røde Kors) har aldersgrense frå 8. klasse, og ein er klar for hjelpekorps ved 17 år. Førrebels samlast alle kvar onsdag kl. 19.00, men dei vil dela seg i to grupper

dersom laget ekspanderer enno meir.

Og ekspansjonen fører naturleg nok til plassproblem, særleg for lagring av utstyr. Kaj A. fortel om initiativ overfor kommunen om samkøyring med brannvesenet for eit framtidig depotområde. Dei er godt nøgde med plassen, sjølv om det ideelle er til sjøen. Kyrkjebygd er svært sentralt, og ynskjet er å byggja ut vestover mot utgangsporten.

Står snart klar

I fjor kjøpte laget ein båt frå Norsk Folkehjelp og ei gruppe på rundt seks personar frå laget bygger no ein tilhengar. Ikkje mindre enn rundt 750 dugnadstimar har gått med til no, men det nærmar seg slutten. Målet er at tilhengaren med agregat, lyskastarar, båt og motor alltid skal stå klar på Kyrkjebygd, og helst i ein garasje.

Interkommunalt samarbeid

Den vellukka øvinga Bokn arrangerte på Haraldsvang Sjukeheim gav meirsmak, og eit mål er å få Røde Kors si store Områdeøving for Nord Rogaland til Bokn. Då går mange korps i lag, vanlegvis over to dagar, og trenar på samarbeid.

I mai/juni skal Bokn vera teknisk arrangør på eit "Robinson-kurs", der ein skal læra ungdommen om fiskarlivet

Vandrepokalen til Rogaland RK blei første gong utdelt i 1995, då til Hgsd RK Hjelpekorps. Av andre lag i distriktet kan nemnast at Skudeneshavn URK fekk han i 1997 og Kopervik URK i 1999, og altså Bokn RK Hjelpekorps i 2001.



Fv. Bianca Alvestad, Beate Danielsen, Grete Øvrebø og Gudmund Holberg er fire av laget sine aktive medlemmer.

Bygdabladet gratulerer!

To napp til i pokalen så er han Bokn sin. Stå på!

Viss folk vil byrja i Bokn RK kan dei ta kontakt med

Kjell Frode klie1@excite.com

Kaj Arne kajch89@hotmail.com

Handlingsprogram for Bokn Røde Kors i 2002

Målsetjing

Bokn Røde Kors har som mål å vera ein beredskapsresurs for Bokn og distriktet rundt. Dette vera seg så vel til dagleg som i krisesituasjonar. Til dagleg er det eit overordna mål å lære flest mogeleg grunnleggjande førstehjelp.

Opplæring

I løpet av året er det ønskeleg å få til fleire "Norsk grunnkurs i førstehjelp". I løpet av hausten vil det og bli eit 40 timars kurs i førstehjelp.

Medlemmer av Bokn Røde Kors vil få muligheita til å reise på ulike kurs, der kurs i vassredning vil være prioritert. Sidan det no er innkjøpt båt, er det og ønskeleg at flest mogeleg gjennomfører båtførarkurs.

Vakter

Som tidlegare år vil hovudtyngda av vakter koma i august.

Husutbygging

Etterkvart som medlemsmassen har auka er det blitt trangt om plassen på Huset. Samstundes treng meg og plass til den nye båten og beredskapshengaren. Det vil bli lansert ulike forslag etter prosjektering og finpussing på skisser. Her er det viktig at alle kjem med synspunkt. Uansett ser ein det som formålste-neleg å samtidig utvida forsamlingslokalet. Den endeleg avgjerda må vedtakast av styret etter råd frå medlemmene.

Møte

Etter eit aktivt fjorår vil me leggja oss på møte kvar onsdag med tema annankvar gong. Dette for å få fortgang i oppdateringa og sosialt samvere.

Idrettslaget fekk ja til klubbhus

Reidar Alvstad

2. gongs behandling

Den 20.mars i år vedtok Bokn kommunestyre samrøystes å løyva kr. 600.000,- i tilskot til Bokn idrettslag til bygging av klubbhus.

Tilskotet skal utbetalast etter som utbygginga skjer. Kostnadene for kommunen vert dekkja gjennom bruk av fond. Endeleg finansiering vert lagd fram i samband med revidert budsjett for 2002 og godkjenning av rekneskap 2002.

Birger Lindanger hadde foreslått at saka skulle utsetjast i påvente av at andre idrettsrelaterte foreningar kunne få møta Bokn idrettslag til samråd om klubbhuset, men dette forslaget falt med 13 mot 4 røyster. Eit punkt om å forskottera dei stipulerte spelemidlane på inntil kr. 563.000,- som eit rentefritt lån inntil dei blir utbetalt, vart vedtatt med 13 mot 4 røyster. Under dette punktet hadde Sigurd Johnny Svendsen foreslått at desse midlane berre skulle forskotterast under forutsetning av at tilsagn om spelemidlar først måtte føreliggja.

Lite igjen for investeringa?

I tillegg til rådmannen si tilråding til vedtak vart fylgjande forslag frå Sigrunn Hole Hosaas og Birger Lindanger samrøystes vedtatt: "Kulturkontoret kallar inn til eit møte for alle organisasjonar og foreningar til samråd og samarbeid."

Dette vedtaket kom etter det ein forstår opp på grunnlag av at Birger Lindanger meinte at vedtaket om tilskot til idrettslaget sitt klubbhus kunne skapa eit dårleg samarbeidsklima mellom idrettslaget og andre organisasjonar som gjerne ville vore med på eit samarbeid om eit felles hus til fleire enn berre idrettslaget. Han meinte også at idrettslaget kunne vist noko meir raushet og samarbeidsvilje ved å la andre få vera med på eit felles prosjekt. I tillegg var det nokre få representantar som ga uttrykk for at det nye klubbhuset ga lite att i forhold til det tilskotet kommunen nå går inn med. Det blei hevda at skulen burde kunna tilfredsstilla dei behova som nå låg føre, og at det i alle fall burde vore fleire medspelarar til å dra nytte av huset.

I fleirtalet vart det påpeika at idrettslaget sine planar hadde vore lenge kjende gjennom den kommunale idrettsplanen som har vore til høyring i organisasjonane, og at ingen har hatt merknader til desse planane i den retning som mindretalet nå tok opp. Det vart også påpeika at andre lag og organisasjonar tidlegare har fått kommunal støtte til hus, og at det framleis vil vera høve for nye til å søkja dersom dei har prosjekt.

Kostnader på nesten 1,8 mill. kroner

Totalt sett er kostnadene for klubbhuset på 1.762.000,-

spelemidlar (tippemidlar)	kr. 563.000,-
idrettslaget sin eigenandel:	kr. 217.000,-
kommunalt tilskot:	kr. 600.000,-
berekna lån for idrettslaget.	kr. 280.000,-
dugnadsinnsats	kr. 102.000,-
Sum	kr. 1.762.000,-

Sponsormidlar

I det siste har idrettslaget hatt kontakt med fleire bedrif-

ter og privatpersonar som har gitt tilsagn om tilskot til klubbhuset.

Desse er:

Bokn Plast, Grieg Seafood, Olufsen Skipsservice, Loden Laks, Bokn Nye Fiskemottak, Haugaland Kraft og 1 privatperson. Utanom dette har idrettslaget søkt ytterlegare 5 bedrifter om sponsormidlar. Her er det ikkje kome endelege svar ennå. Men totalt tilsagnsbeløp frå den førstnemnde gruppa sponsorar er nå kome opp i vel kr. 80.000,-.

Rita Jensen, formann i Bokn idrettslag, seier at ho rekner med at med god innsats frå idrettslaget kan dei få inn ytterlegare sponsormidlar. I så tilfelle reknar ho med at idrettslaget kan bruka dette til nedbetaling av lån, entuelt ta opp mindre lån enn opprinneleg tenkt. Idrettslaget sin innsats på dette området vil i så tilfelle visa godt att i lånestorleik. Dette vil kunna medføra enklare drift når det gjeld å greia økonomien i åra framover.



Formannen i Bokn idrettslag Rita Jensen på klubbhuset med dottera Mari på armen.


Det er firmaet Kyst Bygg A/S som har fått byggeoppdraget for klubbhuset. Odd Grønnestad skal grava tomte, og dette arbeidet vil snart starta.

Avtale med kommunen om tilkomst og parkering


Tomta for klubbhuset ligg rett aust for skulen sin parkeringsplass ved innkjøringa mot skulen. Idrettslaget har gjort avtale med kommunen om at dei skal ha innkjørsel til tomte si frå denne parkeringsplassen, mot at kommunen (skulen til dagleg) kan nytta dei nye parkeringsplassane på idrettslaget si tomte til erstatning for dei som går tapt. Samstundes vil det bli muleg for bilar å snu ved parkeringsplassen utan å måtta rygge som i dag. Slik sett synes Rita Jensen at det er greit at både idrettslaget og kommunen vil få betre og sikrere trafikkforhold og tilkomst/parkeringsareale enn i dag.

Glad for vedtaket

Rita Jensen er glad for at kommunestyret nå ga klarsignal for bygging av klubbhus. Dette er noko idrettslaget har jobba med i fleire år, og som dei har sett av midlar til i form av tomtekjøp pluss kapital.



SKULEN INFORMERER



Skulekontoret, 52 75 25 69 kl. 08.15 - 12.30

Informasjon om kompetansereforma:

Vaksne sin rett til grunnskuleopplæring

Dag Halvorsen

Stortinget har vedteke at vaksne som treng det, har rett til grunnskuleopplæring, og at opplæringa skal vere gratis.

Kven er tilbodet meint for?

Stortinget ønskjer å skape auka trivsel og livskvalitet for den einskilde.

Tilbodet er meint for deg som av ulike grunnar ikkje har gått ungdomsskulen, og som har lyst til å gjere noko med det.

Tilbodet er også meint for deg som ikkje lærte det du skulle då du gjekk ungdomsskulen, eller som har gløymt mykje, og som no treng å friske opp kunnskapane.

Kva omfattar tilbodet?

Kanskje treng du bare friske opp kunnskapane dine i eitt fag, eller du vil finne ut om du kan nok til seinare å starte ei vidaregåande utdanning.

Du treng ikkje ta eksamen dersom det ikkje passar for deg.

Du kan ta det faget du har behov for, eller få fullstendig grunnskuleeksamen med faga norsk, engelsk, matematikk og to av dei tre faga samfunnsfag, natur/miljøfag og kristendom/livssynsopplæring, til saman 5 fag.

Kva må du gjere for å finne ut meir?

Det er ingen søknadsfrist og ikkje krav om skriftleg søknad.

Du melder bare frå til ein av kontaktpersonane våre at du er interessert.

Kva skjer vidare?

Undervisninga du får skal vere tilpassa behovet ditt.

Du vil først få tilbod om ein samtale med ein 'fagperson, for å finne ut kva opplæring du har 'behov for, om dine behov kjem inn under denne nye retten til opplæring, og korleis undervisninga eventuelt best kan organiserast.

Du vil seinare få vite når undervisninga kan starte opp.


Kontakt-personar:

Norunn Jordbrekk og Ingjerd Ellingsen finn du på skulekontoret.




Du kan også kontakte:

Åse Bratthammer




Artur Trosnavåg




Hege Sunde



Linda Ognøy



Reidar Alvstad



Store forventningar blei ikkje innfridde

Jardar havikbotn

Brakkvald Tolvstøkkje hadde gjort to stygge bommertar ved Bokn-besøket denne gong. Han hadde ikkje med seg mopeden og pessimisten og skeie-spelaren Ola frå i fjor.

Saman med kammeratten Sjur Tønnesen fekk Brakkvald Tolvstøkkje aldri opp stemninga og latterbrøla på ein skikkeleg måte på skulen 18. april. Rett nok sat 100 personar i salen, mot 200 i fjor, noko som innverkar på den viktige kommunikasjonen mellom aktørar og publikum. Det tok ein god halvtime før dei større latteristningane breidde seg blant publikum. Dette kom nok av at store deler av salen var skuffa over at varemerket, mopeden, stod att heime. Og så var dessverre han Ola blitt sjukmeldt, etter å ha gått ein lengre tur på ein kort kai.....

Billige klisjear og improvisasjon

Sjur hadde ei utakknemleg og vanskeleg oppgåve, og fekk det heller ikkje til slik som me kunne forventast. Til det var sceneutstrålinga og entusiasmen for liten. Eg trur også han Brakkvald ikkje fekk den forventta publikumsresponsen frå starten av, og brukte ei tid på å bli varm i trøya. Han var overraskande tam i byrjinga og hadde ikkje kontroll då han lira ut av seg billige klisjear og redda seg på trygge nummer frå dei tidlegare CD'ane hans. Men det var eit nytt show me var lova..... Det heile bar preg av lite planlegging.

Likevel kom han godt i hamn med førestillinga, som han strekte til omlag 1,5 timar denne gong, og han gav seg heller ikkje før publikum hadde gitt god lyd



frå seg. Heldigvis var siste halvdel den beste, og eg høyrde kommentarar etterpå som gjekk på at *det blei jo bra....*

Då eg spurde han om kvifor mopeden ikkje var med fekk eg til svar at det blei så stram bensinlukt i bilen, men at tilhengar var bestilt.....så gav eg han beskjed om at Ola ikkje måtte gå så lange turar på korte kaiar.....

Albert Åberg

Kanskje skulle alle dei unge publikummarane, som sikkert var ganske skuffa, ha gått på Albert Åberg-førestillinga veka før i staden? Barne- og familieteateret samla 65 i salen, og var av skikkeleg kvalitet. Her koste folk seg og smilte og lo heile tida.

Sett under eitt skal me vera nøgde med desse to førestillingane som 165 boknarar fekk med seg. Eg vil få takka styret i Petra Fritidsklubb, ungdomsarbeidaren og Øyvind Børgesen for godt arrangementssamarbeid!



BOKN IDRETTSLAG INFORMERER

Nå er våren her og vårt fyrste arrangement er **VÅRSLEP-PET** rundt turstien søndag 28.april frå klokka 11-13.00, me oppfordrar både store og små til å vera med.

I byrjinga på mai startar fotballsesongen opp med kampar igjen, dette er noko me kan sjå fram til når me i år har heile 4 lag som er med.

Pluggen har flytta **trialkjøringa** til onsdag klokka 17.00.

Volleyball for ungdom har starta opp med god respons, me held fram ei stund fram mot sommaren. Det er trening kvar fredag klokka 16.30 - 18.30, me har plass til fleire.

Me har enno røde **klubbgenserar** for sal, dei kostar kr. 200,- Dei som har bestilt kan henta dei på Boknaberg hos Rita.

Arrangementet på Sjøhuset med **Bamse & Eddi** gjekk heller dårleg, me gjekk med underskot, men Steinar dekkar dette. Tusen takk for det.

Til slutt vil me minna om **medlemskontingent**, om nokon manglar giro så er den å finna hjå SR-bank. Alle som er med på aktivitetar organisert av Bokn idrettslag er plikta å betala kontingent.

Ta gjerne kontakt med underteikna eller andre i styret om det er noko du lurar på.

For styret i Bokn idrettslag
Rita Jensen

Presten las Prøysen på bedehuset

Reidar Alvestad

Samarbeid gir resultat

Det kan koma mykje bra ut av det når to eller fleire organisasjonar samarbeider for å få til noko. Slik har det vore med bedehusstyret i Bokn og Bokn mållag når det gjeld kulturkveldane dei har arrangert i lag. Ein skulle kanskje ikkje tru at desse organisasjonane hadde så mykje felles. Men gode norske forfattarar og song og musikk er tydelegvis godt nok grunnlag. Etter kvart har det blitt fleire kulturkveldar, og godt med folk har møtt opp for å ta del i fellesskapet kor tema har vore knytt til kjende og kjære norske forfattarar både i ord og tonar. I tillegg har solid tradisjonsmat vore med og sett prikken over i-en.



Over 50 deltakarar på Prøysen- kveld i bedehuset syng ei av dei mange Prøysenvisene.

Variert program

Sjølv om kulturkvelden fredag den 22.mars berre hadde Alf Prøysen som tema, var det opplagt med god variasjon i framføringa. Etter at Sigvart Våga hadde ynskt velkomen, var det sokneprest Arne Aurdal som hadde hovudansvaret for opplesing frå forfattern sin litterære produksjon og forteljingar frå livet hans. Og presten kan tydelegvis meir enn sin bibel, og spela på mange strenger. Det veksla mellom generell orientering om Alf Prøysen sin barndom og oppvekst, og den vaksne delen av livet hans pluss opplesing frå ulike de-



Sokneprest Arne Aurdal fortalde om og las Alf Prøysen.

ler av Alf Prøysen sin litterære produksjon. Her kom det både dikt, noveller og andre tekstar.

Så blir det meir levandegjort av ein som har dialekten inne og kjenner til bakgrunn og miljøet som Alf Prøysen kom frå. Alf Prøysen var frå ein husmannsplass. Faren var husmann og skogsarbeidar. Mora var svært kulturinteressert, og det var sannsynlegvis ho som betydde mest for han når det gjaldt det arbeidet han seinare produserte. Det er alt Alf Prøysen har skrivne som er spennande, ikkje hans eige liv.

Mållaget med Venevil Birkenlund i spissen og ikkje minst "Da Capo" hadde førebudd dei musikalske innslaga. Ei samling av songar og viser med tekst av Alf Prøysen var optrykt og brukt både i framføringa frå "Da Capo" og i allsongen.

Programmet var slikt opplagd at det veksla mellom Arne Aurdals opplesing og forteljing og framføringar frå "Da Capo" pluss allsong. I tillegg hadde også Venevil Birkenlund nokre interessante forteljingar og episodar frå Alf Prøysen sitt liv.



"Da Capo" hadde øvd inn mange av Alf Prøysens viser.

Matsalen

Midt i programmet var den tradisjonelle matøkta noko som mange hadde sett fram til. Nede i matsalen er det ikkje ferdigkjøpte produkt som dominerar. Her blir det servert tradisjonsmat som bollemelk, råmelkspudding, dravle, gomme, spekemat, røykt fisk, eggerøre, flatbrød, lefse kaker og anna tilbehør. Denne serveringa er også blitt tradisjon på kulturkveldane, og det står kvalitetsbevisste kvinner og menn bak matlaginga.

Det blei minst like gode framføringar etter matøkta. Høgdepunktet var nok då Arne Aurdal framførte "Ungkars-salmen" - ein song om ulykkeleg kjærleik kor det heller ikkje hjalp med ny sykkel. Framføringa utløyste spontan applaus.

Ein tilhøyrar som hadde høyrte mange Prøysen-opplesingar, sa at Arne Aurdals framføringar denne kvelden var nokre av dei beste Prøysentolkningane ho hadde høyrte.

Til hausten blir det ny kulturkveld om Petter Dass.

KULTURKALENDEREN

- nye arrangement/forandringar blir utheva eller understreka kvar gong -

MAI

- 05.:** Konfirmasjonsgudsteneste kl. 11.00 - sjå siste side
09.: Kaffimøte på bedehuset kl. 15.00 - Frelsesarmeen
11.: Hagedag på skulen kl. 13.00, arr. Bokn hagelag - sjå siste side
12.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
16.: Hagelaget pyntar skulen/div. øvingar
17.: Gudsteneste kl. 10.30. Barneridning og køyring med hest på skulen - arr. BORK
18.: Dans på skulen - arr. Bokn Idrettslag & Bokn Røde Kors
19.: Gudsteneste kl. 15.00
20.: Fellesgudsteneste i Haugesund
25.-
26.: Kretsleir for ulvungar og meiser på Blikshavn, Karmøy
26.: Gudsteneste kl. 11.00
26.: Møte på bedehuset kl. 19.30 - NMS
29.: Basar på bedehuset kl. 19.30 - arr. Bokn sanitetsfor.
30.: Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
30.: Soknerådsmøte kl. 19.00 på Bedehuset
31.-
02.06.: Speidartroppstur til Vågholmen

JUNI

- Kurs i horsemanship, Krovågen Hestesenter
02.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
02.: Møte på bedehuset kl. 19.30 - Gideon
09.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
09.: Møte på bedehuset kl. 19.30 - Normisjon
16.: Friluftsgudstenestene i Loden kl. 11.00??

20.-

- 25.:** Bokn musikkorps' juniorkorps på Danmarkstur
23.: Jonsokfeiring i Ognahabn - arr. 1. Bokn KFUM- Bokn 1. KFUK
29.-
06.07.: Valebø 2002 - Speidarlandsleir på Valebø ved Skien
30.: Bruamarsjen - arr. BIL

JULI

- 01.:** Turridning - arr. BORK
13.: Marknadsdag i Krojen kl. 10.00
14.: Hagelaget på 11 dagars tur til Floriaden i Holland og Belgia

AUGUST

- 24.:** Distanseritt på Ognøy - arr. BORK

SEPTEMBER

- 08.:** Hagelaget har temadag
20.-
21.: Hagelaget har idé- og planleggingsmøte

Planlegginga for hausten er i full gong, og om ikkje lenge vil kalenderen vera oppdatert fram til jul.

GYMSALTMEPLAN, KVELD

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Måndag	Fotball 11-12 år Bokn Musikkorps	16.30 - 18.00 20.00 - 22.00	Gunnar Bokneberg Lillian Grønnestad
Tysdag	Barnetrim Fotball, A-lag Aerobic	16.15 - 17.00 19.00 - 21.00 21.00 - 22.00	Marianne Lie Alvestad Kjetil Hamre June Kro
Onsdag	Fotball 7-8 år Badmington Volleyball, vaksne	17.00 - 18.00 18.00 - 19.30 20.00 - 22.00	Jan Kristian Jøsang Bufellesskapa i Bokn Rita Jensen
Torsdag	Bokn Musikkorps (inkl. kjøkken og musikkrom) "Linedance" i partalveker	17.00 - 19.00 20.00 - 22.00	Lillian Grønnestad Marianne Lie Alvestad
Fredag	Badmington Fotball, A-lag	17.30 - 19.00 19.00 - 21.00	Bufellesskapa i Bokn Kjetil Hamre

Barnetrim kvar tysdag kl. 16.15 - 17.00
 Foto: Kari Hetland



Vedtekter for kyrkjegarden i Bokn



Vedtekter for kyrkjegarden i Bokn

Jfr. Lov av 7. juni 1996 nr 32 om kirkegårder, kremasjon og gravferd (gravferdsloven) § 21.

Forslaget vedteke i Bokn Sokneråd 19.9.01

Godkjent av Stavanger Bispedømmeråd 14.11.01

Endeleg vedtak i Bokn Sokneråd 6.12.01

§ 1 Kyrkjegardstilhøyring

Alle som bur i kommunen har rett til fri grav, dette gjeld og om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet.

§ 2 Fredningstid og festetid

Fredningstid for urnegraver er 20 år

Fredningstid for kistegraver er 40 år

Festetida er 20 år

§ 3 Feste av grav

Når kistegrav vert teke i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida. Desse gravene utgjer då ein gravstad. Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje feste grav ved sida av.

Når festetida er ute kan gravstaden festast for nye 20 år. Når det er gått 80 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykke frå soknerådet.

Frigraver kan festast inntil 2 gonger ut over fredningstida, kvar gong med 20 år.

Festaren skal bli varsla i god tid før festetida er ute. Vert ikkje festet fornya innan 6 månader, fell gravstaden tilbake til kyrkjegarden.

Ingen kan gravleggjast i festa gravstad utan samtykke frå festaren. Dersom det er uråd å få samtykke, kan soknerådet avgjera spørsmålet om gravlegging.

Festaren plikta å melde frå om endring av adresse.

§ 4 Grav og gravminne

Kyrkjegardsarbeidarane vil syte for planering og tilsåing av grava etter gravlegging. Det skal ikkje setjast opp gravminne før det er gått minst 6 månader etter gravlegging av kiste. I mellomtida vil grava vere merk med namnet til den avlidne.

På ny festa gravstad set ein opp gravminne i bakkant av den grava som er teken i bruk, og senterer det på gravstaden etter neste gravlegging. Gravminnet skal vera i samsvar med forskriftene til gravferdslova kap.3.

§ 5 Plantefelt

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken rundt. Det skal ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkant av gravminnet. Det kan ikkje plantast vekstar som er høgare enn gravminnet, eller går ut over plantefeltet. Eventuelle lause dekorgjenstandar vert sett opp på eige ansvar og skal fjernast etter bruk. Det er ikkje høve til å ramma inn grava eller deler av denne med hekk eller daudt materiale. Plantefelt kan rammast inn med ein delt natursteinskant som fluktar med terrenget rundt. Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt skal det vera grasbakke på alle sider av gravminnet.

§ 6 Plantemateriale

Planter, kransar og liknande som vert nytta ved gravferd, eller ved pynting av grave, og som endar som avfall, bør vera heilt komposterbart.

§ 7 Stell av grav

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfesta har rett og plikt til å stella den grava han har ansvar for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta eller stelt kan tilsåast av den ansvarlege eller dei som har ansvar for kyrkjegarden. Eigar av gravminne har og ansvar for at dette ikkje er i forfall, til sjenanse eller fare for dei som ferdist på kyrkjegarden.

§ 8 Bevaring av grav

Soknerådet kan i samråd med pårørande gjera vedtak om at graver og utstyr skal bevarast. Soknerådet tek då på seg ansvar for vedlikehald og eventuell planting.

§ 9 Bårerom

Soknerådet disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på den avlidne i tida fram til gravferd. Ingen har tilgjenge utan etter løyve. Liksyning kan berre gjerast etter samtykke frå den som syter for gravferda og vedkjem ikkje dei tilsette.

§ 10 Næringsverksemd

Næringsdrivande som ynskjer å driva verksemd på kyrkjegarden skal ha løyve frå soknerådet. Løyvet kan kallast tilbake om vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatta montering og vedlikehald av gravminne, og planting og stell av graver. Alt arbeid på kyrkjegarden mellom kl. 21.00 og 06.00 er forbode.



Kyrkjevevja orienterer

Dei nye kyrkjegardsvedtektene for Bokn finn du midt i bladet denne gongen. Dei er sett der for at du som brukar kan ta dei ut og ta vare på dei.

Ny gravferdslov.

Dei nye kyrkjegardsvedtektene er i stor grad dei same som før, dei er berre tilpassa den nye gravferdslova med vedtekter, som tok til å gjelde frå 1.1.97. Den mest vesentlege endringa er at det nå er fellesrådet (i Bokn soknerådet) ved kyrkjevevja som har ansvar for forvaltning av kyrkjegarden.

Val av gravminne

Lova og forskriftene gir svært detaljert beskrivelse av korleis gravminnet skal vera. I tillegg til desse kan og bispedømmerådet gi forskrifter. Den som er festar for ei grav skal søkje soknerådet om løyve til å setje opp det gravminne ein har tenkt. Dei som sel gravminne skal kjenne til lova og forskriftene, men i praksis har det vist seg at dette ikkje alltid er tilfelle. Om nokon er i tvil om noko vil det alltid svara seg å ta kontakt med kyrkjevevje.

Oppsetting av gravminne

Det gravminne som er vald skal sikrast forskriftsmessig med boltar. Ein annan ting det er vert å minne om er at gravminnet ikkje må setjast opp for tidleg. Vedtektene seier minst 6 månader. Om gravminnet vert sett opp for tidleg, kan det lett sige, og må rettast opp. Kyrkjevevja har registrert at det på kyrkjegarden i Bokn er fleire gravminne som er skeive, og/eller ikkje er sikra på rett måte. Festarane til desse gravene vert oppmoda til å ta kontakt med leverandør av gravminne for å få desse sikra/retta opp. Ein må heile tida ha klart for seg at det er festar av ei grav som har ansvaret for både gravminne og stell av grava. Igjen: om nokon er i tvil om noko, ta kontakt med kyrkjevevja.



Informasjon fra Bokn Sanitetsforening ÅRSMELDING 2001

Bokn sanitetsforening har dette året halde årsmøte og 3 styremøter. Medlemstallet er 170.

Det er bevilga midler til:

Kampen mot narkotika	kr. 500,-
Eldreomsorg	kr. 500,-
Jubileumsgave Bryne	kr. 2.000,-
Revmatismefondet	kr. 3.000,-
Forskning barn/unge	kr. 1.000,-
Psykiske lidelser	kr. 2.000,-
Kreftfondet	kr. 5.000,-
Osteoporose fondet	kr. 1.000,-
Kvinnemedisinsk forskning	kr. 2.000,-
Hjelp til barn i Murmansk	kr. 5.000,-

Det er kjøpt inn to personheisar til sjukestova. Me har kjøpt inn nye barnebilsete til utleige.

Elevane frå 1 – 4 klasse har fått utdelte refleksvestar, og sykkelhjelmar er gitt til alle i 5. klasse. Alle nyfødte har fått utdelt helseteppe, og alle over 80 år fekk julestjerne til jul. Til dei på sjukestova kjøpte me små minijuletre.

Beinmålinga var det ikkje mange som nytta seg av denne gongen, me støtta kvar deltakar med kr. 150,-. Me gir støtte til fotpleien for pensjonistar med kr. 80,-

Eldreturen hadde me dette året saman med pensjonistforeningen. Turen gjekk til Bømlø der dei fekk sjå Mostraspelet.

Det vart ikkje adventsfest dette året på grunn av mange andre tilstellingar i desember. Torsdagstreffet er enno oppe og går, takka vera frivillige som stiller og og hjelper oss med dette. Inntektene våre får me frå basar, salg av maiblomar, landslodder og fastenla-vensris.

På formannsmøte i Førdesfjorden møtte Inger Sønnøve Bokneberg og Reidun Grønnestad.

Kretsmøte vart halde på Bjoa og der møtte Inger Sønnøve Bokneberg og Ingunn Våge. Arbeidsforeningane var på besøk hjå Stegaberget sanitetsforening i vår.

Styret har vore samansett slik:

Inger Sønnøve Bokneberg	formann
Reidun Grønnestad	nestformann
Elly Borgenvik	kasserar/styremedlem
Ingrid Ovidth	styremedlem
Ingunn Våge	styremedlem
Kari Øvrebø	styremedlem
Inger Jøsang	styremedlem
Ragnhild Laupland	varamedlem
Solveig Kro	varamedlem
Oliva Håland	varamedlem
Bertha Våge	revisor

Ny formann i Bokn Bedehus

Leiv Våga tykte han hadde nok med speidararbeidet og nekta attval.

Ny formann vart Sigmund Alvestad.

Jorun Larsen og Sigvart Våga vart valde til styremedlemmer.

Frå før står Ingunn Våge og Reidar Øvrebø.

1. varamann er Brit Holberg og 2. varamann er Kari Hetland. Kasserar er Edvin Øvrebø

Bånsullar

Her er fleire rim og songar som Marie Vågshaug har skrive ned etter mora, Ingrid Thorland, som har lært dei i oppveksten sin.

Som du ser av song nr. 2, var det den gongen tydelegvis akseptert at foreldre kunne "risa" ungane.

Sulla meg litt du mamma mi
skal du få snor på trøya di.
Vil du ha gule vil du ha blå,
vil du ha blanke skal du det få,
på trøya di, du mamma mi.

Su ru rulte, badne det va svulte,
mamma hu sko gje det mat.
pappa han sko slå det bak,
med ei store skia,
for då sko badne tia

Byssa byssa barnet, gryta heng i jarnet.
Far han sit og harpar korn.
Mor ho bles så vent i horn.
Syster sit og spinn gull.
Bror han gjeng i skogen,
jagar alle ville dyr
Er han kvit så går han dit,
er han grå så lat han gå,
er han brun i bogen
så lat han gå i skogen.




By by badne, mamma nøsta gadne
pappa reiste lunge tur, kjøpte badne nye sko,
nye sko med spenner så badne sko sova lenger

Klappe kaker søte, duppe dei i fløte,
først i sukker så i vann, då blir det ein kakemann
til 'na litla (namnet)

Klappe kaker søte, duppa dei i fløte,
først i fløte så i smør, då blir kaka som den bør,
til han litte (namnet)

Det er sikkert nokon som kjenner att nokre av songane.

RA



Har du krav på individuell plan?

Forskrift om individuelle planar etter helselovgivninga trådte i kraft frå 1.juli 2001, og helsetenesta i kommunane har ansvaret for å følgje opp denne. Forskrifta er utarbeidd med bakgrunn i Kommune-helselova, Specialisthelse- tenestelova og Psykisk helsevernlova.

Formål

Utarbeiding av individuell plan har som formål å bidra til at pasienten får eit heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa tenestetilbod, og planen skal sikre at det til ei kvar tid er ein tenesteytar (forvaltningsnivå) som har ansvaret for oppfølging av pasienten. Pasientens mål, ressursar og behov for tenester på ulike område skal kartleggast, og for å dekke pasientens bistandsbehov best mulig skal tiltak frå alle tenesteyterar vurderast og koordinerast.

Det er og eit mål å styrke samhandlinga mellom tenesteytar og pasient og eventuelt pårørande, og mellom tenesteytar og seksjonar innan kommunen eller på tvers av forvaltningsnivå.

Pasientens rett/krav

Ein pasient med behov for langvarige og koordinerte helsetenester har rett til å få utarbeidd individuell plan. Pasienten har rett til å delta i arbeidet med sin individuelle plan, og det skal leggjast til rette for dette. Pårørande skal trekkast inn i arbeidet i den utstrekning pasienten og pasientens pårørande ønskjer det. Dersom pasienten ikkje kan ivareta sitt eige beste (ikkje har samtykke-kompetanse), har pasientens næraste pårørande rett til å medvirke saman med pasienten.

Rettighet til plan har pasientar uansett alder. Planen gir imidlertid ikkje pasienten større rett til helsehjelp enn det som følgjer av det øvrige regelverket.

Samtykke

Individuell plan skal ikkje utarbeidast utan pasienten sitt samtykke. Unntak gjeld for pasientar under tvungent psykisk helsevern, men ein skal likevel forsøke å oppnå eit samarbeid om planen.

Ansvar for utarbeiding

Kommunen og helseforetaket har plikt til å sørge for at dei pasientane som har behov for langvarige og koordinerte helsetenester blir utarbeidd. Har pasienten behov for tenester frå andre tenesteytarar eller etatar, skal kommunen og helseforetaket samarbeida med desse. Den del av helsetenesta som pasienten

henvender seg til, har plikt til å sørge for at arbeidet blir igongsett.

Planarbeidet må koordinerast, og det skal berre utarbeidast ein individuell plan for kvar enkelt pasient, som skal omfatta behov for tenester frå primær- og spesialisthelsetenesta.

Innhald i individuell plan

Planen sitt innhald og omfang skal vere tilpassa behova til den enkelte pasient. Forskrifta inneheld detaljert beskriving over m.a. kva som skal med i ein slik plan, omfang av behov og tenester, organisering av prosessen med utarbeiding, og tidsaspekt for gjennomføring av tiltak.

Teieplikt

Dei alminnelege reglane for teieplikt gjeld og for dette arbeidet, og for alle som deltek.

Individuell plan for brukarar av helsetenester i Bokn

Arbeidet er starta opp, og planar for fleire personar er under utarbeiding.

Det blir i kvart enkelt tilfelle oppretta ansvarsgruppe, som er samansett av personen det gjeld, evt. pårørande, sentrale tenesteytarar og samarbeids-partnarar. I tillegg kan ein ha andre med på delar av arbeidet.

Erfaringane så langt er at arbeidet er svært nyttig. Det fører med seg at dei tenestene som blir ytt no blir evaluert, og vi får ein grundig gjennomgang av behov og muligheter for kvar enkelt.

Imidlertid er det eit tidkrevande arbeid, som må involvera mange av dei tilsette, spesielt i helse-seksjonen.

Vi må difor ta tida til hjelp, og arbeida oss systematisk gjennom.


Kvar kommune skal ha ein person eller kontor, som dei innbyggjarane som har krav på ein slik plan, kan henvenda seg til. For Bokn kommune er det seksjons-sjef for helse, Gunn Grønnestad, med kontor i 1.etg. på Boknatun.

Tlf.: 52752534 / 98221503

E-mail: ggroennestad@bokn.kommune.no



VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET



TID FOR HAGE

Her er eit utval av hagebøker du kan låna på biblioteket:

Greenwood, Pippa:
Hageeierens oppsalgsbok



Gyldendals store hagebok

Gyldendals kreative hagebok


Langeland, Knut:
Blomsterløker og knoller

Persson, Arnulf R.:
Slik dyrker vi tomater

Biblioteket har også tidsskrifta " Norsk hagetidend" og "Hagen for alle" til utlån.



**Bøker er nøkler til visdommens
skatter
Bøker er veien til land av latter.
Bøker får alt til å vokse og ese.
Bøker er venner så kom la oss lese.**



Emilie Poulsson

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG 10.00 – 13.30

ONSDAG 16.00 – 19.00

TORSDAG 10.00 – 13.30

TLF. 52 75 25 45

E-POST: lognoey@bokn.kommune.no

Søk i katalogen www.bokn.folkebibl.no

HØYR EI BOK

Har du høyr ei lydbok?





Hvis ikkje, har du noko til gode. Det fine med lyd-
bøker er at medan du lyttar kan du reisa til og frå
arbeid, laga mat, vaska opp, kvila middag, ta ein
joggetur, dela ei oppleving med nokon, plukka
bær, pussa båten, gå i fjellet, liggja på stranda,
lukka augo og innta godstolen, slappa av og nyta
ei god opplesing... Få meir tid til bøker, rett og
slett!

Prøv, og du vil innsjå at for bokelskarar er faktisk
lydbøker den største oppfinninga sidan hjulet!

Har du høyr om gardbrukaren som på eitt år
høyrde 120 lydbøker medan han henta egg frå
sine 5000 frittgåande høns.

Her er et utval av det du finn på biblioteket:

- Elstad, Anne Karin: Julie
- Guillou, Jan: Coq Rouge—Rød hane
- London, Jack: Gullgraverliv
- Rowling, J.K.: Harry Potter og mysteriekam-
meret
- Spyri, Johanna: Heidi
- Berulfsen, Torkjell: Edle dråper





BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

Låne- og tilskotsordningar til bustader

ETABLERINGSLÅN

Etableringslån er lån som kommunen vidareformidlar via Husbanken. Det blir gitt gjennom kommunen i samband med oppføring av ny bustad, kjøp av brukt bustad, utbetring av bustad eller refinansiering av dyre privatfinansierte bustadlån. Låneordninga er behovsprøvd og blir tildelt etter Husbanken sine retningslinjer.

Søknadsskjema kan ein få ved å venda seg til Servicetorget i Bokn kommune, tlf. 52 75 25 00. Desse søknadene blir behandla fortløpande, og det er ingen søknadsfrist.

SØKNAD OM BUSTADTILSKOT TIL TILPASSING AV BUSTAD

Bokn kommune har via Husbanken fått midlar til utbetring/tilpassing av bustader. Midlane er begrensa, og søknadene blir prioritert/behovsprøvd. Det blir m.a. Tatt omsyn til inntekt- og formuestilhøve. Tilskotet kan søkjast av personar/husstandar der minst 1 person må vera/ha:


- * Over 60 år, eller
- * Funksjonshemma, eller
- * Eit særleg sosialt behov

Søknaden skal skrivast på eige skjema som ein kan få ved å venda seg til Servicetorget i Bokn kommune, tlf. 52 75 25 00.

Det er ingen søknadsfrist, og søknadene blir behandla fortløpande.

Bokn kommune har også til vidareformidling bustadtilskot til etablering i bustad for einskildpersonar. Tilskotet kan bli gitt til fysisk og psykisk utviklingshemma, særleg vanskelegstilte husstandar og unge i etableringsfasen. Tilskotet gjeld personar/husstandar med vanskeleg økonomi, låg inntekt og låg eller ingen eigenkapital.

Nærare opplysningar om sistnemnde tilskot eller dei andre ordningane kan ein få ved sosialkontoret, tlf. 52 75 25 04.



*Arskroen kafé
& selskapslokale*

Middag på 17. mai fra kl. 16.00

Svinesteik m/tilbehør inkl. kaffi og dessert kr. 195,- pr. pers.

Åpen pub i mai: 4. & 25.

*Sommervikarer søkes i tidsrommet
20. juni - 15. august*

Kontakt Lars-Jacob 99 03 70 32

På kryss og tvers

**tysdag 14. mai kl. 19.00 på
sjøhuset i Alvestadkroken**

Kva for tiltak og aktivitetar kan dei frivillige lag/org. gå saman om å skapa i lokalsamfunnet?

Lag/organisasjonar som ikke var representerte på forrige møte er hjarteleg velkomne. Kvart lag/org. stiller med EIN representant.

Kaffi/forfriskningar/fiskesuppe.

**Påmelding til kulturkontoret
innan 7. mai.**

Leilighet til leie i Føresvik

Sokkelleilighet med livsløpsstandard, ca 80 m².


Stue/kjøkken, to soverom, bad/vaskerom, bod og gang.

Alt på ett plan, inklusive oppstillingsplass for bil like ved inngang.

Kort veg til skole, kommunesenter og butikk.

Leies ut umøblert. Ledig fra 1. mai 2002.

Kontakt May Jorunn eller Trond Vatnaland på telefon 52 74 86 48 eller 90 69 43 50.



BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

Ledig vikariat i helseseksjonen:

AVDELINGSSJUKEPLEIAR, vikariat i 60 % stilling i pleie og omsorg, i tidsrommet frå snarast til 01.04.03.

AVDELINGSSJUKEPLEIAR, vikariat i 50 % stilling i pleie og omsorg, i tidsrommet frå snarast til 01.01.03.

AVDELINGSSJUKEPLEIAR, vikariat i 52,11% stilling natt i pleie og omsorg, i tidsrommet frå snarast til 15.08.03

For alle vikariata kan evt. stillingsprosenten regulerast. Arbeidet er i utgangspunktet i tredelt turnus, men vi er åpne for individuelle ordningar hvis det ikkje er negativt for drifta.

FERIEVIKARIAT for sjukepleiar, ambulansesjåfør, hjelpepleiar, omsorgsarbeidar og kokk i perioden medio juni til medio august. Oppgi i søknaden tidsrom og stillingsprosent du ønskjer å arbeida.

Pleie og omsorgstenestene er organisert slik at Bokn sjukestove er base for tenestene som vert ytt både i institusjon og i heimane. Avd.spl.stillingane inneber varierte arbeidsoppgåver innan ein modell med samordna tenester: Heimebasert omsorg, institusjon og legevaktssentral.

Arbeidet er i tredelt turnus, med vakt kvar 3.helg. Ein må kunna disponere bil i arbeidet.

Stillingane som avdelingssjukepleiar er løna etter Bokn-modellen i st.kode 7021, l.r.12.4 – 12.8, l. tr.35 – 39, med ein stige på 8 år. Ferievikariat vil bli løna etter Hoved-tariffavtalen etter type utdanning og ansennitet.

Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår.

Opplysningar om stillingane kan ein få ved å venda seg til seksjonssjef helse, Gunn Grønnestad, tlf. 52 75 25 34 eller pleie og omsorgssjef Anny Kallekodt, tlf. 52 75 25 16.

Søknad med CV og relevant informasjon sender ein til Bokn kommune, Tilsetjingsutvalet for Helse, 5561 Bokn innan 06.05.02.

Rådmannen

www.sr-bank.no

SpareBank 1 har mange smarte måter å spare på. Hvis du kommer innom banken, finner vi ut hva som passer deg best.

Kjøp boliglån med fondssparing av noen som kjenner deg.

SpareBank 1 SR-Bank

bank • fond • forsikring • eiendomsmegling



NB!

- ✓ Nå er det lurt å spare i fond
- ✓ Stikk innom SpareBank 1
- ✓ Plasser penger i et ODIN-fond

COOP BOKN

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



coop
marked




BJØRN LINDANGER

Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
 - Me formidler baring og skyting.
 - Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
 - Levering av røyr og kummer.
- dumperbiler.



**A. OLUFSEN
SKIPSSERVICE A.S**

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL • ALUM. • RUSTFRITT • RØR-
ARBEID • MASKINARBEID • HYDR. • TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER • LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP

*Hjarteleg takk til alle som hugsa meg på min
60 års dag!*

Hilsen Gustav Solberg

Liten plastbåt

med eller utan påhengsmotor kjøpes billig.
Litt reperasjon ingen hindring.

Kontakt Bjørn Bruaset, tlf. 52 84 35 64

Legekontoret informerer

Lasse Inberg har ferie i vekene

22 - 23 - 24 -25

Det blir sett inn vikarar i denne
perioden.

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og onsdag
og helgene i partalveker.

Direktenr. 52 75 25 33

Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik
fysioterapeut

FOTTERAPI

kvar onsdag på legekontoret
kl. 09.00 – 14.00

Første onsdagen i kvar mnd.
kl. 15.00 - 18.30

For påmelding, tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen - fotterapeut

LIKNINGSKONTORET

Kontordagar i Bokn
tysdag og torsdag
kl. 08.00 – 15.00

Tlf. 815 32 666
(skatteetaten)

Måndag, onsdag og
fredag kontordagar ved
Tysvær liknings- og
folkeregister i Aksdal
kl. 08.00 – 15.00

Gaute Kro
likningssjef i Bokn

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Tlf. 52 75 21 50
Fax. 52 75 21 51
Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150
Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde
trygdesjef

Prøv ein annonse i Bokn Bygdablad

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i
Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må
gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i
Tysvær andre vekedagar,
tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset
jordbrukssjef



HÅRSMIA

Austre Bokn - mot Våga



*Kom innom eller ring
for timebestilling*

52748647 - 99037203

*Fører Goldwell &
Hair Collection produkter*

Mona Våga




Krovågen hestesenter på Austre Bokn

Rideleir - ledige plasser!

Noen få ledige plasser på rideleir for barn/ungdom
i uke 27 og 28.

Ring Kari Christensen, tlf. 52 748407 el. 91120801
for mer informasjon (e-post kachris@online.no).

Ta gjerne turen innom oss her i Krovågen for en
liten omvisning og en "hestepprat".



Ved oppringing etter kl. 15.00 må ein alltid nytta direkte nummer.

52 75 25 00	Sentralbord		postmottak@bokn.kommune.no
52 75 25 01 98 22 15 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard	jnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 02 98 22 15 02	Økonomisjef/personalansvarleg	Solrunn Alvestad	soa@bokn.kommune.no
52 75 25 03 91 35 40 82	Ordfører Tysdag – ring på førehand	Svein Ove Alvestad	svein@bokn.kommune.no
52 75 25 04 98 22 15 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad	ralvestad@bokn.kommune.no
52 75 25 05 98 22 15 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye	hfaye@bokn.kommune.no
52 75 25 07	Økonomiavdelinga, rekneskap og løn	Leni Mannes	lem@bokn.kommune.no
52 75 25 09 99 53 19 35	Økonomiavdelinga, skatt og fakturering	Lindy Haram	lharam@bokn.kommune.no
52 75 25 08 98 22 15 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn	jhavikbotn@bokn.kommune.no
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen	gsorensen@bokn.kommune.no
52 75 25 12	Barne- og ungdomsarbeidar Tysdag 08.00 - 13.00 i partalsveker	Ann Kristin Grønnestad	agroennestad@bokn.kommune.no
52 75 25 15	Telefaks Boknatun		
52 75 25 16	Pleie- og omsorgssjef	Anny Kallekødt	
52 75 25 30	Bokn sjukestove		
52 74 85 22	Legevaktssentralen		
52 75 25 34 98 22 15 03	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad	ggroennestad@bokn.kommune.no
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar Tysdag/onsdag 08.00 – 15.00	Miriam Berland	
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag	
52 75 25 43	Open helsestasjon torsd. 08.30 - 12.30	Rita Førland	
52 75 25 45	Bokn Folkebibliotek	Linda Ognøy	lognoey@bokn.kommune.no
52 75 25 47 93 41 54 40	Kyrkjeverge Tysdag/torsdag 08.30 – 15.30	Svanhild Alvestad	svalves@frisurf.no
52 75 25 50	Seksjonssjef skule	Dag Halvorsen	dhalvorsen@bokn.kommune.no
52 75 25 51 98 22 15 11	Rektor	Ingjerd Thuestad	ithuestad@bokn.kommune.no
52 75 25 13 98 22 15 09	Barnevernleiar Tysdag, og etter avtale	Eva Moi	emoi@bokn.kommune.no
52 75 25 65 (66)	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard	rnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 67	Telefaks skulen		
52 75 25 70 98 22 15 12	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth	jhaakonseth@bokn.kommune.no
52 75 25 80	Tannlegekontor	Anita Knutsen	

AKTIVITETAR PÅ SKYTEBANEN

Det går mot vår og det er på
tide å starta opp med litt
skytetrening.

Me startar trening:

Sundag 26.05 kl. 14.00 - 16.00
Onsdag 06.06 kl. 18.00 - 20.00
Sundag 23.06 kl. 14.00 - 16.00

Det blir prøve:

Sundag 07.07 kl. 14.00 - 16.00
Onsdag 24.07 kl. 18.00 - 20.00
Sundag 04.08 kl. 14.00 - 16.00

På treningane blir det og høve til å skyte
med kal 22 for ungdom eller andre interes-
serte



Helsing

Bokn skytterlag

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR

Bokn kommune

5561 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post jhavikbotn@bokn.kommune.no

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad

Linda Ognøy

ABONNEMENT

Kr. 200,- pr. år

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvside kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren

BLADET KJEM UT

10 gonger i året

STORT FORSIDEBILDE

Bokn Røde Kors Hjelpekorps, sjå også s. 4

Foto: Jardar Havikbotn



**KIRKENS
NØDHJELP**

Sammen for en
rettferdig verden

FASTEAKSJONEN 2002

Til Kirkens nødhjelp blei det i år samla inn
kr. 15.650,-

Konfirmantane samla inn kr. 13.650,- av desse.
Kr. 2.000,- var i kollekt i kyrkja.

Ei stor takk til konfirmantane og til alle som gav!

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND + høy og halm

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Morten Ullenes,
4150 Rennesøy*

51 72 31 33

900 16 817

Konfirmantar 2002

Bokn kyrkje 5. mai

Tom Inge Aksdal
Merethe Ø. Almås
Erik Alvestad
Sophie J. Alvestad
Beate S. Are
Guro Nygaard
Magne J. Ognøy
Jørgen Thuestad
Therese Våge

Bygdabladet gratulerer!





Foto: JH



Merethe

Tom Inge

Erik

Magne

Guro


Beate

Sophie

Jørgen

Therese

Foto: JH



Bokn Hagelag ynskjer velkommen til Hagedagen på skulen lørdag 11. mai kl. 13.00. Det blir høve til å byta planter med andre. Sal av sommarblomar, stauder, roser, prydbusker m.m. Det blir loppemarked for barna, lykehjul, loddosal m/fine gevinstar samt servering av kaffi med noko attåt.

Alle er hjerteleg velkomne!

Me i 9. klasse skal reise med "Aktive Fredsreiser" til Polen til hausten, og ein slik tur er slett ikkje gratis. Sjølv om me har vore flinke til å spare treng me likevel nokre få kroner til i reisekassa, og derfor vil me halde loppemarknad på Hagedagen. 11. mai.

Me håpar at så mange som mogleg vil ta turen til skulen og sjå på alt det fine me har å selje. Her vil de finne alt frå fonduesett og glas til miniski, slalåmstøvlar og fotballsko.

Ta med godt humør og pengeboka. De er hjerteleg velkomne, både store og små.

Vennleg helsing 9. klasse



Hagedagen 1997 - foto: JH